

**Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren, kultur og idrettsavd.**

Agnes Mowinckels gate 5

5020 BERGEN

Vår dato: 07.10.2016

Vår ref: 2015/2772 - 20428/2016 / 025

Dykkar ref:

**Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - søknad om overføring av tilskott for prosjekt Hystadmarkjo**

Stord kommune fekk tilskott på kr 180 000 til prosjekt Hystadmarkjo gjennom Hordaland fylkeskommune frå ordninga «Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne» (BARK).

*GNR., bnr. 26/307, 26/306, 26 566, 26/249*

I skriv 25.11.2015 søkte me om å få overført tilskottet til 2016 med den forneining om at arbeidet skulle avsluttast i inneverande år. Det vil ikkje skje. Me håper på at skilta er på plass våren 2017 og søker om ytterligere utsetting til 2018.

Prosjektet i Hystadmarkjo har som målsetjing og fornye skilta i område. Det er søkt om midlar til 7 informasjonsskilt, der 4 gjeld flora og fauna og 3 gjeld arkeologiske kulturminne. I tillegg vil me behalde eitt skilt med informasjon om kulturminne. I tillegg så er det 2 større skilt ved inn og utgangen til området. Det er søkt, og Miljødirektoratet har gitt tilsagn om å delfinansiere desse informasjonsskilta.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Stord-Fitjar landbrukskontor, Friluftsrådet Vest , Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren og Stord kommune v/ eininga Kulturtenester.

Deler at Hystadmarkjo er freda av Riksantikvaren som naturreservat, og det er fleire arkeologiske kulturminner i området. Årsaka til at prosjektet dreg ut i tid er at Miljødirektoratet stiller krav til at det skal nyttast deira mal til skilt som gjeld flora og fauna. Miljødirektoratet har under utarbeiding ny skiltplan kor både skiltmal, men også sjølve skiltet er ein del av fornyinga. Sidan me er avhengig av finansiering frå Miljødirektoratet så vert prosjektet i Hystadmarkjo utsett . Det bør nemnast at dei skilta som gjeld arkeologiske kulturminne skal produsera etter mal for skilt som gjeld disse. Men me ønskje at sjølve skilta skal vera like.

Prosjektgruppa jobbar med utforming, nye illustrasjonar bilete og tekst. Plasseringa for kvart skilt er bestemt, og det vert jobba med innhald for skjøtselsplan. Kommunen i samarbeid med kyrkjekontoret har inngått avtale med ein barnehage om mindre vedlikehald og tilsyn av ein koleragravplass, og Stord kommune har inngått avtale med ein barneskule om vedlikehald av ei gravrøys. Denne gravrøysa ligg litt på sida av nautstilen og stien opp til gravrøysa lyt ryddast. Skulen vil nytte heile område som læringsarena.

Me vonar at tilskottet vert overført til 2018

Med helsing

Guri Andresen Aksnes  
kulturkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

